# Møteinnkalling

**Til:** Øystein Tvedt, Hans Kjetil Knutsen, Tore Johan Øvstebø, Kjetil Strand, Ove Nesje, Hans Olav Myklebust, Harry Valderhaug, Daniel Rönnqvist, Eduardo Martinez Gutierrez, Sunniva Ullavik Erstad, Kjetil Sporsem
**Kopi:** Ole Kristian Birkeland, Tobias Hay Slinning, Cathrine Helle-Tautra, Christine Rørvik, Tor-Andrè Gram Franck, Tone Myklebust, Torbjørn Vatnehol,
**Fra:** Sekretariatet for Bypakke Ålesund.

**Saksbehandlar:** Hilde Johanne Svendsen
**Tlf. saksbeh.**
**Vår dato:** 28.02.2025

## Møte i styringsgruppe for Bypakke Ålesund – Møte 2/2025

| | |
|---|---|
| **Møtestad:** | NMK, Ålesund |
| **Møtedato:** | 07.03.2025 |
| **Møtetid:** | 0900 – 1200 |
| **Møteleiar:** | Hans Kjetil Knutsen |

## Saksliste

| Saksnr | Sak | Innleder / Ansvar | Tid |
|---|---|---|---|
| | Innleiing ved Hans Kjetil Knutsen | Hans Kjetil Knutsen | 0900 – 0905 |
| **7/2025** | Orientering om løysingar for gåande og syklande over Steinvågbrua – Muntleg orientering | Eduardo Martinez Gutierrez | 0905 – 0915 |
| **8/2025** | Kommunikasjon i Bypakke Ålesund sidan sist – Muntleg orientering | Sunniva Ullavik Erstad | 0915 – 0930 |
| **9/2025** | Status frå Vegamot per januar 2025 – Muntleg orientering | Hilde Johanne Svendsen | 0930 – 0940 |
| **10/2025** | Årsrapport 2024 for Bypakke Ålesund | Hilde Johanne Svendsen / Kjetil Sporsem | 0940 – 1000 |
| **11/2025** | Kostnadsøkning og utvidelse av prosjektet E136 Hatlaåstunnelen – Vindgårdskiftet, sykkelfelt og nye busstopp | Ole Kristian Birkeland | 1010 – 1030 |
| **12/2025** | Behov for å belaste prosjekt ID6 E136 Lerstadtoppen – Campus i handlingsprogramperioden 2025 – 2028 | Ole Kristian Birkeland | 1030 – 1050 |
| **13/2025** | Budsjett 2025 og handlingsprogram 2025-2028 for Bypakke Ålesund – Sekretariatet presenterer saka | Hilde Johanne Svendsen / Kjetil Sporsem | 1050 – 1130 |

| Saksnr | Sak | Innleder / Ansvar | Tid |
|---|---|---|---|
| | Eventuelt<br>– Spørsmål frå Hans Kjetil Knutsen om gangfelt i Korsegata<br>– Pålegg frå Ålesund kommune om fjerning av massar frå prosjektet Blindheim – Flisnes frå Apalvika og Engesetdalsvegen i Skodje | <br>Eduardo Martinez Gutierrez<br><br>Eduardo Martinez Gutierrez | 1130 – 1200 |

## Styringsgruppa for Bypakke Ålesund

Ålesund kommune: Øystein Tvedt (leiar), Hans Kjetil Knutsen og Tore Johan Øvstebø. Vara: Tor-Andrè Gram Franck

Møre og Romsdal fylkeskommune: Hans Olav Myklebust og Harry Valderhaug Vara: Randi Walderhaug Frisvoll og Lene Vadseth Larsgård

Statens vegvesen: Leiar Transport midt, Kjetil Strand, og leiar Utbygging midt, Ove Nesje.

## Sekretariatet for Bypakke Ålesund

Ålesund kommune: Daniel Rönnqvist

Møre og Romsdal fylkeskommune: Eduardo Martinez Gutierrez

Statens vegvesen: Hilde Johanne Svendsen (leiar)

Kommunikasjon: Sunniva Ullavik Erstad

## Sak 7/2025 Orientering om løysingar for gåande og syklande over Steinvågbrua

Sekretariatet v/Eduardo Martinez Gutierrez orienterer.

**Forslag til vedtak**:

Styringsgruppa tar saka til orientering

## Sak 8/2025 Kommunikasjon i Bypakke Ålesund sidan sist

Sekretariatet v/Sunniva Ullavik Erstad orienterer.

**Forslag til vedtak**:

Styringsgruppa tar saka til orientering

## Sak 9/2025 Status frå Vegamot per januar 2025

Sekretariatet v/Hilde Johanne Svendsen orienterer.

**Forslag til vedtak**:

Styringsgruppa tar saka til orientering

## Sak 10/2025 – Årsrapport 2024

Bakgrunn.

Sekretariatet legg i denne saka fram årsrapport for 2024.

Vedlagt årsrapportdokument presenterer saka.

**Forslag til vedtak**:

Styringsgruppa vedtek årsrapport for Bypakke Ålesund slik den går fram av dokumentet Bypakke Ålesund – Årsrapport for 2024.

Styringsgruppa vedtek med det rekneskapen for 2024 i Bypakke Ålesund slik den går fram av dokumentet.

Bypakke Ålesund



# Årsrapport for 2024

## Innhald


Innleiing ........ 2

Kommunikasjon ........ 2

Økonomi ........ 3

Nærare omtale av prosjekt og aktivitet i 2024 ........ 8

- Statens vegvesen ........ 8
- Møre og Romsdal fylkeskommune ........ 9
- Ålesund kommune ........ 10

## Innleiing

Bypakke Ålesund er eit samarbeidsprosjekt mellom Ålesund kommune, Møre og Romsdals fylkeskommune og Statens vegvesen, for å løyse samferdselsutfordringar i Ålesund. Bypakken skal legge til rette for at ein større del skal sykle, gå og reise kollektivt samt gje eit påliteleg og effektivt transportsystem for alle trafikantar. Bypakken skal bidra til ei attraktiv og berekraftig byutvikling.

I juni 2021 vart bypakken vedtatt i Stortinget med ei samla økonomisk ramme på om lag 4,0 mrd. 2021-kroner. Finansieringa av pakken er basert på innkrevjing av bompengar, samt statlege, fylkeskommunale og kommunale midlar. I tillegg kjem meirverdiavgift som staten refunderer for prosjekt i pakken. Bypakke Ålesund vil ha ein innkrevjingsperiode på inntil 15 år. Bompengeinnkrevjinga hadde oppstart i august i 2022. Aktiviteten i 2024 er finansiert av bompengar, statlege, fylkeskommunale og kommunale midlar.

Bompengeordninga og rabattsystemet for bypakken er godt innarbeidd hos publikum i Ålesund. Brikkeandel for passeringar gjennom bommane i Bypakke Ålesund er på 96 prosent. Dette er ein høg del samanlikna med andre byar.

## Kommunikasjon

Kommunikasjon er eit verkemiddel for å nå måla til Bypakke Ålesund. Vi har ein eigen kommunikasjonsstrategi til Bypakke Ålesund som beskriv prinsipp for kommunikasjonsarbeidet. Det er tilsett ein eigen kommunikasjonsrådgivar, i tillegg til at alle tre partane har egne kommunikasjonsressursar som bidrar inn i dei konkrete prosjekta.

Målet med kommunikasjonsarbeidet er å sørge for at Bypakke Ålesund og prosjekta våre er synleg i regionen, og dermed auke kunnskapen og tilliten til det vi driv med. Mange av prosjekta i Bypakke Ålesund gir attraktiv byutvikling, og mange vil sette stor pris på arbeidet vårt når prosjekta er ferdig. I 2024 var det spesielt viktig å vise fram at vi endeleg er i gang ved å feire prosjekt som blir starta opp, prosjekt som vart ferdig – og informere godt om prosjekta som er under planlegging.

I 2024 fekk vi blant anna på plass dei første byggeplass-skilta med Bypakke-logo, og vi fekk levert refleksvestar, hjarterefleks og refleksband som blir delt ut til dei som går, syklar og tar buss.

Vi arbeider også aktivt med innhaldsproduksjon til eigne kanalar. Det vart lagt ut 78 nyheitssaker på bypakken sine nettsider i 2024, og betydeleg fleire postar i sosiale media. På Instagram og Facebook hadde vi totalt 155 700 visningar av innhaldet vi la ut.

Mange av prosjekta til Bypakke Ålesund får mye mediemerksemd. I 2024 var det prosjektet kollektivknutepunktet i Ålesund sentrum som fekk klart mest medieomtale, med store diskusjonar knytt til mellom annet prosjektdetaljar, byutvikling og generell gatebruk.

Kommunikasjon hjelper også med presentasjonar, arrangement, førebuingar til politiske møte og både ekstern- og intern dialog med samarbeidspartnarane.

## Økonomi

I samband med behandling av budsjett og handlingsprogram for perioden 2024 – 2027 var det knytt usikkerheit til inntektsgrunnlaget i Bypakke Ålesund. Styringsgruppa slo derfor fast at det ikkje ville bli godkjent oppstart av nye prosjekt så lenge finansieringsgrunnlaget for bypakken var uavklart. Det var også igangsett og gjennomført ein internrevisjon av porteføljen i bypakken i 2024 som viste at med dagens takstar og føresetnader i bypakken, så er ikkje pakken finansiert slik som planlagt. Styringsgruppa tok saka til orientering. I internrevisjonen var det varsla at på grunn av lågare inntekter enn føresett i stortingsproposisjonen så må prosjekt flyttast ut i tid. I tillegg må også styringsgruppa drive porteføljestyring for å ta prosjekt heilt eller delvis ut av bypakken, dersom ikkje inntektene i pakken blir auka.

I 2024 vedtok styringsgruppa eit budsjett for 2024 for bypakken på 1201,4 mill. kroner. Samstundes vart prognosen for året i budsjettdokumentet sett opp med 1072,8 mill. kroner, altså betydeleg lågare enn budsjettet. Årsaka til det var at tildelte midlar for nokre prosjekt var høgare enn planlagt framdrift og produksjon for året. Spesielt gjaldt dette E136 Breivika-Lerstad der ein hadde eit budsjett for året på 790,8 mill. kroner, men der prognosen for forbruk var 630 mill. kroner.

Rapporteringa etter 1. tertial viste ingen vesentlege avvik som måtte følgjast opp på porteføljenivå. Endring i styringsramma for E136 Waterfront – Posthuskrysset vart behandla i styringsgruppemøte 26. april. Styringsgruppa vedtok då å auke sluttprognosen og styringsramma med 21 mill. 2023-kr, til ny ramme lik 401,7 mill. 2024-kr. Elles er det ikkje meldt om andre behov for auka sluttprognose for noko prosjekt i denne rapporteringa. Samla sett er det ein mindre justering i rapportert årsprognose i høve årsprognose i vedtatt budsjett.

Rapporteringa etter 2. tertial viste ingen vesentlege avvik som må følgjast opp på porteføljenivå.

Ser ein på rekneskapen for Bypakke Ålesund under eitt, så er forbruket i 2024 på 800,3 mill. kroner, noko som er 428,8 mill. kroner lågare enn budsjettet for året og 272,3 mill. kroner lågare enn årsprognosen i vedtatt budsjett. Reduksjonen i forbruk sett opp mot årsprognosen, er ein følgje av endringar på fleire prosjekt forklart under.

| ID | Prosjektnamn | Byggherre | Endringar samanlikna med årsprognosen |
|---|---|---|---|
| ID1 | E136 Brosundbro | SVV | Redusert forbruk med 41,9 mill. kroner i forhold til årsprognosen. Reduksjonen skuldast utsett oppstart av prosjektet. |
| ID2 | Kollektivterminal – gateterminal i sentrum | MRFK | Redusert forbruk med 15,7 mill. kroner i forhold til årsprognosen. Reduksjonen heng saman med at sluttoppgjeret med entreprenør ble flyttet til 2025 og at det blir truleg en mindre forbruk for prosjektet |
| ID3 | E136 Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus | SVV | Redusert forbruk med 0,4 mill. kroner i forhold til årsprognosen. |
| ID4 | E136 Kollektivknutepunkt Campus Ålesund | SVV | Redusert forbruk med 5,7 mill. kroner samanlikna med årsprognosen. |
| ID5 | E136 Breivika – Lerstad | SVV | Redusert forbruk på 113,1 mill. kroner samanlikna med årsprognosen. |
| ID6 | E136 Lerstadtoppen – Campus Ålesund | SVV | Auka forbruk på 3,7 mill. kroner samanlikna med prognosen. |
| ID7 | Sekkepost kollektiv, ts, sykkel, gåing | ÅK, MRFK, SVV | Har eit samla mindreforbruk på 72,6 mill. kroner samanlikna med prognosen. Det vil vere ulikt frå prosjekt til prosjekt, men mindreforbruk samanlikna med prognose skuldast hovudsakleg at prosjekt ikkje er igangsett. |
| ID8 | FV60 Blindheim – Flisnes | MRFK | Redusert forbruk på 22,5 mill. kroner samanlikna med årsprognosen. Årsaka er at anleggsarbeidet starta seinare enn planlagt (sluttdato ikkje endra). |
| ID10 | Bomstasjonar | | Meirforbruk på 0,2 mill. kroner samanlikna med prognosen. |
| ID11 | Planlegging og prosjektering | | Mindreforbruk på 4,2 mill. kroner samanlikna med prognosen. |

Ramma for bypakken er no på 5.033 mill. 2024-kroner. Det er inga endring i samla rapportert sluttprognose for prosjekta som inngår i bypakken. I 2024 vart det behandla to saker med endring i styringsrammer:

- ID1 E136 Brosundbro: Styringsgruppa godkjente ny styringsramme for prosjektet E136 ny gate og bro fra Waterfront til Posthuskrysset på 384 mill. 2023-kroner. Auka styringsramme på 21 mill. kroner vart finansiert ved omdisponering av midlar frå prosjektet E39 Myrland, påkjøringsrampe
- ID7 Sekkepost kollektiv, ts, sykkel, gåing: Styringsgruppa vedtok at prosjekt Trygg skoleveg – Ytre Hessen (prosjekt 762) kunne starte opp i 2024. Prosjekteigar og byggherre er Ålesund kommune, og styringsramma for prosjektet er sett til 19,8 mill. 2024-kr.

Også i 2024 fekk Bypakke Ålesund tilskotsmidlar frå Staten. Midlane i 2024 vart brukt slik:

| Prosjekt | Byggherre | Tildelte tilskotsmidlar | Brukte tilskotsmidlar | Omtale |
|---|---|---|---|---|
| Trygg skoleveg – Lerstadbakken | ÅK | 3 | 3 | Etablere ny kantstopp for buss nært bakketoppen |
| E136 Hatlaåstunnelen - Vingårdsskiftet | SVV | 12,5 | 12,5 | Delfinansiering av prosjektet |

*Tabell 1 – Samla rekneskap for Bypakke Ålesund for 2024 (mill. kroner)*

| Rekneskap 2024 | | 2024-kroner | | | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 7 | 8 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Ramme | Prognose | Framdrift | | Årsbudsjett, årsprognose, rekneskap | | | | | | | |
| | | Gjeldande styrings-ramme | Rapportert slutt-prognose | Byggestart (Prognose/ faktisk) | Trafikkåpning (Prognose/ faktisk) | Til disposisjon | Budsjett | Årsprognose (i vedtatt budsjett) | Årsprognose (rapportert) | Budsjett hittil i år | Regnskap hittil i år | Avvik Årsprognose 4 - 3 | Avvik Til disp 4 - 1 |
| | Bypakke Ålesund - Portefølje | 5 033 | 5 033 | | | -1 229,1 | 1 201,4 | 1 072,6 | 800,3 | 1 201,4 | 800,3 | -272,3 | -428,8 |
| 1 | E136 Brosundbro og ny gate Keiser Wilhelms gt | 394 | 394 | Utsatt | Utsatt | -96,5 | 96,5 | 80,0 | 38,1 | 96,5 | 38,1 | -41,9 | -58,5 |
| 2 | Kollektivterminal – gateterminal i Keiser Wilhelms gt | 104 | 104 | 15.06.2023 | 31.10.2024 | -67,0 | 67,0 | 67,4 | 51,7 | 67,0 | 51,7 | -15,7 | -15,3 |
| 3 | E136 Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus | 95 | 95 | 15.06.2023 | 01.06.2026 | -38,9 | 38,9 | 35,4 | 35,0 | 38,9 | 35,0 | -0,4 | -3,9 |
| 4 | Kollektivknutepunkt ved Campus Ålesund | 340 | 340 | Utsatt | Utsatt | 13,5 | -13,5 | 11,8 | 6,2 | -13,5 | 6,2 | -5,7 | 19,7 |
| 5 | E136 Breivika-Lerstad | 2 610 | 2 610 | 01.03.2022 | 01.07.2027 | -790,8 | 790,8 | 630,0 | 516,9 | 790,8 | 516,9 | -113,1 | -273,9 |
| 6 | E136 Lerstadtoppen-Campus | 564 | 564 | Utsatt | Utsatt | 8,4 | -8,4 | 14,8 | 18,5 | -8,4 | 18,5 | 3,7 | 26,9 |
| 7 | Sekkepost kollektiv, TS, sykkel, gåing | 354 | 354 | - | - | -92,1 | 76,4 | 96,4 | 23,7 | 76,4 | 23,7 | -72,6 | -68,4 |
| 8 | Fv. 60 Blindheim-Flisnes | 411 | 411 | 01.01.2024 | 31.08.2026 | -148,9 | 136,9 | 121,8 | 99,3 | 136,9 | 99,3 | -22,5 | -49,6 |
| 9 | E39 Myrland, påkjøringsrampe | 44 | 44 | - | - | | | | | | | | |
| 10 | Bomstasjoner | 52 | 52 | 01.02.2022 | 22.08.2022 | -0,5 | 0,5 | 0,2 | 0,4 | 0,5 | 0,4 | 0,2 | -0,1 |
| 11 | Planlegging og prosjektering | 65 | 65 | - | - | -16,5 | 16,5 | 14,8 | 10,6 | 16,5 | 10,6 | -4,2 | -5,9 |

| | | Ramme | Prognose | Framdrift | | Årsbudsjett, årsprognose, rekneskap | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Tilskuddsordning for mindre byområde | Gjeldande styrings-ramme | Rapportert slutt-prognose | Byggestart (Prognose/ faktisk) | Trafikkåpning (Prognose/ faktisk) | Til disposisjon | Budsjett | Årsprognose | Årsprognose (rapportert) | Budsjett hittil i år | Regnskap hittil i år | Avvik Årsprognose 4 - 3 | Avvik Til disp 4 - 1 |
| 1 | Hatlaåstunnelen - Vindgårskiftet | 12,50 | 12,50 | | | -12,5 | 12,5 | 12,5 | 12,50 | | 12,5 | - | - |
| 2 | Trafikksikring og trygg skoleveg Lerstadbakken | 3,00 | 3,00 | | | -3,0 | 12,5 | 3,0 | 3,00 | | 3,0 | | |

*Tabell 2 – Rekneskap 2024 for Post 7 Sekkepost kollektiv, TS, sykkel, gange (mill. kroner*

# 7 Sekkepost kollektiv, TS, sykkel, gåing

| Nr. | Prosjekt prioritert i sekkepost | Budsjett 2024 | Regnskap HIÅ | Års-prognose |
|---|---|---|---|---|
| | Stat | 0,94 | 0,85 | 0,85 |
| | Fylkeskommune | 44,46 | 14,30 | 14,30 |
| | Kommune | 31,08 | 8,56 | 8,56 |
| | | 76,47 | 23,71 | 23,71 |
| 701 | Strakstiltak eks. sykkelnett - Kommune | 2,05 | 1,67 | 1,67 |
| 704 | Sykkelveg Tonningsgt-Steinvågbrua | 36,26 | 12,88 | 12,88 |
| 731 | Strakstiltak kollektiv signalprioritering mm - Fylkeskommune | 1,28 | 0,06 | 0,06 |
| 732 | Hessafjordvn-Slinningen med snuplass | -0,79 | 0,05 | 0,05 |
| 738 | Busstopp på Moa, tiltak for raskere og bedre bussavvikling | 0,94 | 0,85 | 0,85 |
| 761 | TS-strakstiltak , skoleveg, gangfeltsikring - Kommune | 4,50 | 6,49 | 6,49 |
| 762 | Fortau Ytre Hessen(fra skolen) | 14,17 | 0,35 | 0,35 |
| 766 | Skoleveg-Skarbgt-Hessaskaret | 2,17 | 1,36 | 1,36 |
| | Sum | 76,47 | 23,71 | 23,71 |

*Tabell 3 – Rekneskap 2024 for Post 11 Planlegging og prosjektering (mill. kroner)*

| 11 | Planlegging og prosjektering | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Nr. | Prosjekt prioritert i sekkepost | Finans. | Budsjett 2024 | Regnskap HIÅ | Prognose 2024 |
| | Stat | S | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| | Fylkeskommune | F | 7,09 | 2,90 | 2,90 |
| | Kommune | K | 9,37 | 7,70 | 7,70 |
| | | Sum | 16,46 | 10,60 | 10,60 |
| 112 | Kommunikasjon | K | 2,50 | 1,05 | 1,05 |
| 701 | Planlegging av mindre sykkeltiltak (ÅK) | K | 1,90 | 0,32 | 0,32 |
| 702 | Sykkelveg ved Volsdalenskole | F | 2,87 | 1,43 | 1,43 |
| 703 | Sykkelveg/felt Volsdalen til sentrum | F | 0,20 | 0,00 | 0,00 |
| 703 | Sykkelveg/felt Volsdalen til sentrum | K | 0,60 | 0,77 | 0,77 |
| 704 | Sykkelveg Tonningsgt-Steinvågbrua | F | 1,12 | 0,56 | 0,56 |
| 731 | Planlegging av mindre kollektivtiltak (ÅK) | K | 0,71 | 0,24 | 0,24 |
| 733 | Fremkommelighet- Sentrum-Volsdalen | K | 0,23 | 0,03 | 0,03 |
| 734 | Fremkommelighet- Aspøya | K | 1,71 | 1,84 | 1,84 |
| 761 | Planlegging av mindre tiltak trakfikksikkerhet (ÅK) | K | 1,02 | 1,41 | 1,41 |
| 762 | Fortau Ytre Hessen(fra skolen) | K | 0,57 | 2,04 | 2,04 |
| 763 | Undergang på Bjørge, FV107-Ellingsøy | F | 2,50 | 0,91 | 0,91 |
| Sum | | | 16,46 | 10,60 | 10,60 |

# Nærare omtale av prosjekt og aktivitet i 2024

## Statens vegvesen

- ID1 E136 Brosundbro, ny gate frå Waterfront til Posthuskrysset. Styringsgruppa i Bypakke Ålesund har vedtatt styringsramme på 384 mill. 23-kr, men denne må og godkjennast i SVV Utbyggingsdivisjonen. Prosjektering og konkurransegrunnlag er ferdig. Posthuskrysset er ferdig bygd i regi av Møre og Romsdal fylkeskommune. Kontraktsutlysing for vidare arbeid er utsett, pga. manglande finansiering i bypakken.

- ID3 E136 Kollektivknutepunkt Ålesund sjukehus. Hovudentreprisen var ferdig sommaren 2024. Busstoppa er tekne i bruk. Sluttføring av prosjektet er planlagt til 2025/26, då ein må  vente på ferdigstilling parkeringshus og åtkomst til sjukehuset.

- ID4 Kollektivknutepunkt Miljøgate Campus. Anslag i mars 2024 vart vesentleg høgre enn gjeldande styringsramme. Tid for oppstart av prosjektet er enno uavklart, pga. usikker finansiering av Bypakke Ålesund. Prosjektorganisasjonen la i desember fram eit forslag om redusert omfang av både Miljøgate Campus og Lerstadtoppen-Campus, utan at det går utover kollektivtrafikksatsing/mål om mindre trafikk på Borgundvegen. Anslaget for nytt prosjekt på Campus er på 152 mill.kr (24kr), mot opphaveleg 347 mill.kr. Styringsgruppa bad oss arbeide vidare med dette omfanget, men viser til at endeleg prioritering av prosjekta vil bli tatt opp ved rullering av handlingsprogrammet i mars 2025.

- ID5 136 Breivika-Lerstad. Hovudentreprise er i gang, kontrakt blei signert med NCC 8. januar 2024. Vestmoa, gata frå Herdbana og nordover forbi Ålesund Behandlingssenter (inkl. støyskjerm mot behandlingssenteret) vart fullført sommaren 2024. Ved nyttår var 23% av tunnelen sprengt ut. Mot slutten av prosjektet skal det byggast ca. 2 km med sykkelveg med fortau og 2,5 km av Lerstadvegen skal byggast om. Dette er ikkje prosjektert eller innhenta anbod på. Massedeponi for tunnelstein i Kipervika har fått byggeløyve og løyve til utfylling frå kommunen. Planlagt oppstart av utfylling er februar 2025.

- ID6 E136 Lerstadtoppen-Campus. Uavklart anleggsstart pga. usikker finansiering av Bypakke Ålesund. Nytt anslag gjennomført i juni blei 1040 mill.kr, vel 500 mill.kr over gjeldande ramme. På grunn av auka kostnadar i anslaget er prosjekteringsarbeidet for full utbygging stoppa. Prosjektorganisasjonen la i desember fram for styringsgruppa for Bypakken eit revidert forslag med redusert omfang av både B11965 Campus og B11968 Lerstadtoppen-Campus, utan at det går utover kollektivtrafikksatsing/mål om mindre trafikk på Borgundvegen. Dersom finansieringssituasjonen i bypakken endrar seg til det betre, er det mogleg å utvide prosjekta med f.eks. utfylling i Nørvasundet og sykkelfelt langs Borgundvegen. Anslaget for nytt prosjekt på Lerstadtoppen - Campus er på 743 mill.kr (24kr), mot opphaveleg 575 mill.kr. Styringsgruppa bad oss jobbe videre med dette omfanget, men viser til at endeleg prioritering av prosjekta vil bli tatt opp ved rullering av handlingsprogrammet i mars 2025.

- ID10 Bomstasjoner. Div. mindre vedlikehald av eksisterande bomstasjonar i 2024.

- ID738 E136 Kollektivpunkt Moa. Div. kostnadar ifb. med prosjektavslutning i 2024.

- ID708 E136 Hatlaåstunnelen – Vindgårdskiftet, sykkelfelt og nye busstopp (oppretta mai 2024). Prosjektering og bygging er i gang, og er forventa ferdiginnan 2026. Frå statsbudsjettet blei det i 2024 gitt 12,5 mill.kr frå posten "Tilskudd til klima- og miljøvennlig byutvikling og god fremkommelighet i mindre byområder» som delfinansiering av prosjektet. Arbeidet skjer samtidig med omfattande utskifting av det kommunale VA-nettet og ny overvatnshandtering i området. Som følge av dette vert all overbygning, kantstein og asfalt for sykkelfelt, fortau og busslommer på strekninga fornya. Erfaringane hittil viser at arbeidet vert meir omfattande enn føresett.

## Møre og Romsdal fylkeskommune

Møre og Romsdal fylkeskommune har i 2024 hovudsakeleg arbeidd med tre prosjekt under utbygging, ID 704 - Tonningsgate, ID 2 - Kollektivknutepunktet i Ålesund sentrum og ID 8 - Fv.60 Blindheim – Flisnes. I tillegg har det vore planleggingsarbeid for prosjekta ID 702 - Sykkelveg ved Volsdalen skole og ID 763 Undergang Bjørge. Sjå nærare omtale for utførte aktivitetar pr. prosjekt nedanfor:

- ID 2 - Kollektivknutepunktet i Ålesund sentrum**:** Prosjektet er ferdig og vart tatt i bruk av FRAM 23.12. Gjenståande arbeid før prosjektet blir avslutta er noko mindre arbeid, som opparbeiding av parkeringsareal for HC, bestilt i styringsgruppemøte 13.12.2024 og sluttoppgjer med entreprenør. Prosjektet vil blir ferdig innanfor gjeldande styringsramme.

- ID 8 – Fv.60 Blindheim – Flisnes: Møre og Romsdal fylkeskommune skreiv kontrakt med entreprenør Bertelsen & Garpestad i januar 2024 og dei starta arbeid med prosjektet på våren. Prosjektet er inndelt i fasar for å minimere konsekvensar på trafikk og tredjepart. Våren 2025 skal trafikken leggast om frå fylkesvegen og inn på nybygd kommunal gate, mens fylkesvegen blir oppgradert. Prosjektet skal ferdigstilles seinsommar 2026.

- ID 704 – Tonningsgate: Arbeid i Tonningsgate har gått for fullt heile året. Styringsgruppa bestilte opsjon for forlenging av sykkelvegen og prosjektet som heilheit omfattar dermed bygging av ca. 700 m med sykkelfelt i begge retningar. Som orientert i styringsgruppemøte nr. 5/2024 har det vore noko utfordringar med omfang av langsgåande kablar og leidningar, samt ukjente konstruksjonar under fortauet i Tonningsgate. Dette medfører at prosjektet vil ferdigstillast i 2025. Som følgje av dette er også styringsramma for prosjektet trua.

- ID 702 – Sykkelveg ved Volsdalen skole: Møre og Romsdal Fylkeskommune er i gang med forarbeid for reguleringsplan gjennom området og forventar å formelt starte reguleringsprosessen i januar 2025. Det er forventa at reguleringsplanarbeidet vil pågå ut 2025, og muligens noko inn i 2026.

- ID 763 – Undergang på Bjørge: Pågående reguleringsplanarbeid. Avsette midlar til prosjektet er 26,5 mill. kr.. Anslag for prosjektet viser at kostnaden for prosjektet overstig dei avsette midlene og vidare fremdrift for prosjektet avventer derfor styringsgruppa si prioritering

## Ålesund kommune

- ID 761 – 3 Trygg skoleveg – Lerstadbakken: Blir forskjøvet til begynnelsen av 2025. Tiltakene omfatter skilting av nedsatt hastighet på deler av strekningen, etablering og oppgradering av fotgjengeroverganger, fortau og bussholdeplass.
  Første tiltak ved Svalevegen ble ferdigstilt sept.2024. Tiltakene omfatter oppgradering av gangfelt, fortau og kantstopp for buss.
  Gangfeltet ved Uno-X Gåseid blir ferdigstilt tidlig 2025. Videre foreligger det to aktuelle tiltak som omhandler gangfelt og holdeplass for buss.
  Tiltakene blir tilpasset prosjektets ramme. Prosjektet ble utvidet som følge av tilskuddsmidler på 3mil i 2024 og en ser også på mulige tilskuddsmidler for 2026.

- ID 761 – 4 Trygg skoleveg – Øvre Skytterholm. Prosjektet ble ferdigstilt juni 2024. Prosjektet omfattet innsnevring av kryss, oppgradering av gangfelt med taktile heller og intensivbelysning, samt generell utbedring av trafikksikkerheten.

- ID 762 Trygg skoleveg - Fortau Ytre Hessen. Første halvdel av 2024 vart detaljprosjektering, anbod og byggesaksprosess gjennomført. Kontrakt med entreprenør vart inngått november2024 og det var oppstart i desember 2024. Prosjektet har mål om ferdigstilling okt.2025. Som følge av mogleg utviding av prosjektomfang og rammer kan det vere at anleggsperioden strekker seg inn i 2026 om utviding blir realisert.

- ID 701 Sykkeltiltak - Klokkersundet. Gangfeltet vart opna for normal bruk juni.2024. Tiltaket omfatta oppgradering av fortau, belysning og gangfelt

- ID 734 Framkommelighet for buss og trygg skolevei Aspøya. Forprosjektrapport vart levert første halvdel av 2024. Oppstart av detaljprosjektering september 2024 og inn i 2025. Samarbeid med vann- og avløpsavdelinga på deler av strekninga. Fysisk oppstart er utsett til 2025 som følge av samkøyring av prosjekta og arbeid som ikkje egna seg for vinterdrift. Prosjektet er delt opp der tiltaka først og fremst omhandla busstopp, vegkropp og gangfelt. Planen er punktvise tiltak av mindre karakter utan behov for reguleringsprosess, vidare avklaringar blir arbeidd med mot plan- og byggesak.

- ID 731 Mindre kollektivtiltak – haldeplass Spjelkavika. Prosjektet gjekk inn i en byggefase i august 2024 der noverande oppdatering tilsei ferdigstilling i mai.2025. Samarbeidprosjekt mellom Ålesund kommune (forvaltningsavdeling), Bypakke Ålesund og vann- og avløpsavdelinga (Byggherre).
- Framkommelighet Kolvikbakken – Forprosjektrapport levert august 2024. Vidare vart det vedtatt at Kolvikbakken ikkje skulle vere ein del av tilskotsmiddelordninga som gjer at tiltaket fell ut av Bypakke Ålesund i denne søknadsperioden. Det er ikkje planlagt vidare arbeid på denne strekninga
- Planleggingsaktivitet:
    - Forprosjekt – Sentrum til Volsdalen. Forprosjektrapport er levert og en fortsetter planleggingen av tiltak på strekningen.
    - Planlegging av Kolvikbakken er avsluttet.
    - Trafikksikkerhet – generelt arbeid med TS tiltak i sekkeposten.
    - Kollektiv – mykje er forankra gjennom implementeringsplanen
- Samarbeidsprosjektene der byggherre er SVV og MRFK:
    - Kollektivknutepunktet i sentrum – hovedsakelig bygging, ferdigstilles i 2024.
    - Sørsida og Brosundet – prosjektet er utsatt
    - Blindheim – Flisnes – bygging pågår
    - Breivika – Lerstad – samarbeid om de kommunale vegene og hovedsykkelvegen fortsetter i 2024-25.
    - Campus Ålesund og Lerstadtoppen-Campus – Samarbeid med SVV for løsning for kollektiv og sykkel. Tidligfase planlegging.
    - Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus – Kommunen deltok hovudsakeleg med planlegging og drøfting av tiltak inn mot sykkel og kollektiv.

# Sak 11/2025 – Kostnadsøkning og utvidelse av prosjektet E136 Hatlaåstunnelen - Vindgårdskiftet, sykkelfelt og nye busstopp

**Bakgrunn**

I sak 3, møte 5/2023 ble det lagt fram ei sak som omtalte muligheter for etablering av sykkelfelt og oppgradering av busslommer og belysningsanlegg på strekninga Hatlaåstunnelen - Vindgårdskiftet som følge av at både Tafjord Kraft AS og Ålesund kommune VA hadde arbeid på samme strekning.

I styringsgruppemøtet 25.08 2023 ble det gjort oppstartsvedtak for prosjektet;

> "Vedtak:
>
> Styringsgruppa vedtar at prosjekt sykkelfelt Åse til Moa, kan starte opp i 2023. Prosjekteier og byggherre er Statens vegvesen, og styringsrammen for prosjektet er på 24 mill. 2023-kroner. Finansiering deles mellom E136 Breivika-Lerstad – 12 mill. kr. som omklassifiseringstiltak og sekkeposten (sykkel, kollektiv og TS) på 12 mill.kr."

Det ble i styringsgruppemøtet i januar 2025 orientert om behov for prosjektutvidelse/kostnadsøkning i prosjektet – og at det ville komme en egen sak om dette nå i mars. Ekstrakostnaden for prosjektutvidelse og kostnadsøkning i prosjektet er nå kalkulert til 16,5 mill - i tillegg til allerede påløpte 25 mill. i 2024. Det er følgelig behov for 41,5 mill 2024-kr – tilsvarende 43,4 mill 2025-kr, hvis gjeldende prognoseindeks på 4,5% blir stående.

Når prosjektet ble tildelt 12 mill. kroner i tilskuddsmidler fra ordningen for mindre byområder i 2024, så skulle disse komme til erstatning for midlene fra ID7 sekkeposten.

Arbeidene med sykkelfelt foregår pr dato i nært samarbeid med VA-avdelingen i Ålesund kommune, da det legges nye vannledninger på hele strekningen. I tillegg legges det nye høyspent og strømledninger på strekningen for Linja AS. Deler av strekningen ble også bygget i samarbeid med Tafjord Kraftvarme AS, men de er nå ferdige med sine arbeider.

**Endring i prosjektomfang**

<u>Økt omfang</u>

Arbeidet med sykkelfeltene og busstoppene har pågått i 2024 og vil pågå inn i 2025. Arbeidet har blitt strekt ut i tid på grunn av svært omfattende ledningsarbeid. Vannledningsarbeid andre steder i området har forsinket fremdriften, noe som påvirker økonomien. Dette drar også arbeidet inn i vinterhalvåret.

Vi ser også at vi har undervurdert mengdene i prosjektet. Kvaliteten på massene i eksisterende vei var svært dårlig. Det har derfor vært behov for full masseutskifting i hele gang- og sykkelvegarealet.

Eksisterende overvannsledningsnett var også for dårlig til å kunne brukes videre, slik at dette måtte byttes. Det var avsatt kostnader til nye sluk og vegkryssinger, men ikke nye overvannsledninger. Flere vegkryssinger og mye fjell i Borgundvegen har gjort vegkryssinger for

bytte av stikkrenner kostbare, dette var det dessverre heller ikke tatt høyde for i kostnadsberegningen.

På grunn av at arbeidet måtte skje mye mer stykkevis og delt enn planlagt, får man ikke til å legge rød asfalt, men må bruke den dyrere løsningen rød epoxymaling.




Prosjektutvidelse

Vi måtte også forlenge sykkelfeltet østover. Det var planlagt avsluttet forbi Furmyrhagen busstopp, men måtte forlenges videre mot Moa til gangfeltet ved Pinsekirka. Dette måtte gjøres for å gi en tryggere avslutning og tilfredsstille krav til avslutning gitt i Statens vegvesens veileder for bygging av sykkelfelt. I tillegg måtte Ålesund kommune ved VA grave opp halve strekningen for å bytte vannledning. Totalt utgjør det ca. 280 m.

Møre og Romsdal fylkeskommune har på vegne av Bypakke Ålesund, søkt om tilskuddsmidler til prosjektutvidelsen. Søknadsbeløpet er 10 mill. Kr i 2025.

Muligheter for reduksjon i prosjektomfang

Som følge av at kostnadene har økt og det er nødvendig med prosjektutvidelse mot øst, så har vi vurdert kutt i vestlig ende av prosjektet, men da får man ikke tatt i bruk sykkelfeltet på nordsiden av Borgundvegen fra krysset ved sykehuskrysset og vestover. Ved å kutte i prosjektomfanget mot vest får man heller ikke gjort omklassifiseringsjobben som må gjøres på veglysanlegget og overvannssystemet i området. Vi anbefaler ikke å kutte i vestlig ende av prosjektet.

Prosjektet har funnet mulighet for å kutte ombygging av busslomme ved Åse vest til kantstopp, denne beholdes da som busslomme og sykkelfeltet blir dermed ca. 100 m kortere. Det anbefales ikke å kutte ytterligere i prosjektomfanget.

I tillegg er det kuttet i omfang ved at eksisterende busskur er gjenbrukt, og ingen er erstattet av nye.

Det er mulig å kutte rødmaling av asfalt, dette utgjør ca. kr 2,8 mill. Dette kan være en kuttmulighet om det skulle komme ytterligere kostnadsøkninger, da maling er helt til slutt i prosjektet.

**Forslag til ny styringsramme for prosjektet**

Vi har gjennomgått kostnadene og revidert vår prognose. Det er påløpt ca. 22 mill. pr 31.12.24 i prosjektet. For å kunne fullføre prosjektet og gjøre den nødvendige utvidelsen må vi be om at styringsrammen økes med 16,5 mill. 2024-kr., fra 25 mill. 2024-kr til 41,5 mill. 2024-kr. for å kunne ferdigstille prosjektet. Det er da lagt inn ca. 2 mill. kr. i usikkerhetsavsetning.

Prosjektet foregår i samarbeid med Ålesund kommune ved vann og avløp, og det er per januar 2025 produsert for ca. 10 mill. Dette vil øke til ca. 15 mill. når prosjektet er ferdig – og er kostnader som viderefaktureres til Ålesund kommune avdeling for vann og avløp. Disse kostnadene kommer i tillegg til prognostisert prosjektkostnad på 41,5mill. 2024-kr.

Prosjektets totale styringsramme foreslås finansiert slik:

| | **Finansieringskilde** | **Mill. 2024-kroner** | **Vedtak** |
|---|---|---|---|
| Opprinnelig prosjektomfang E136 Hatlaåstunnelen - Vindgårdskiftet | E136 Breivika – Lerstad, omklassifiseringsmidler | 12,5 | Sak 3, Møte 5/2023 |
| | Tilskuddsmidler til mindre byområder (erstatter vedtak om bruk av midler fra ID7 Sekkepost) | 12,6 | Sak 3, Møte 5/2023 |
| Prosjektutvidelse (280 meter fra Furmyrhagen busstopp til gangfeltet ved Pinsekirka) | ID7 Sekkepost.<br><br>Dersom det blir innvilget tilskuddsmidler fra Staten kommer disse til erstatning for midler fra ID7 Sekkeposten | 10,0<br>(fast beløp, tildeles i 2025-kr.) | Forslag til vedtak, sak 11/2025 |
| Kostnadsoverskridelser, rest etter kutt i omfang (ombygging av busslomme ved Åse vest til kantstopp utgår) | E136 Breivika – Lerstad, omklassifiseringsmidler | 6,4 | Forslag til vedtak, sak 11/2025 |
| Ny styringsramme | | 41,5 | |

**Forslag til vedtak**

Styringsgruppa vedtar ny styringsramme for prosjektet på 41,5 mill.kr i 2024-kr.

Kostnadsøkningen i prosjektet finansieres med 6,4 mill. 2024-kr. fra ID5 E136 Breivika – Lerstad, omklassifiseringsmidler.

Prosjektutvidelsen finansieres med 10 mill. 2025-kr. fra ID7 Sekkepost, alternativt fra tilskuddsordning til mindre byområder dersom den innsendte søknaden blir innvilget.

21.02.2025

Statens vegvesen Utbygging midt

| | |
|---|---|
| Ove Nesje | Ole Kristian Birkeland |
| Prosjekteier | Prosjektleder |

# Sak 12/2025 – Behov for å belaste prosjekt ID6 E136 Lerstadtoppen – Campus i handlingsprogramperioden 2025 - 2028

**Bakgrunn**

I styringsgruppemøtet i januar vart det i sak 2/2025 bestemt å utsette prosjekta ID4 E136 Kollektivknutepunkt Campus og ID6 E136 Lerstadtoppen – Campus til etter inneverande handlingsprogramperiode.

Finansieringssituasjonen i Bypakke Ålesund

Årsaka til at prosjekta blir skjøve ut av handlingsprogramperioden er finansieringssituasjonen i bypakken, nærare bestemt at inntektene i Bypakke Ålesund ikkje er på nivå med det som vart lagt til grunn i Stortingsproposisjonen. Det er eit betydeleg avvik mellom indeksjustert gjennomsnittstakst frå bompengeproposisjonen og det bilistane betaler i gjennomsnittstakst i Ålesund i dag. Lokale myndigheiter skal vedta takstjusteringar/takstendringar i Bypakke Ålesund. Dersom inntektsnivået ikkje blir endra må partane i styringsgruppa sikre finansiering av prosjekta i bypakken gjennom porteføljestyring. Det kan bety at vi må redusere talet på prosjekt eller nedskalere prioriterte prosjekt. Det er dit vi er kome i dag. Som følgje av reduserte inntekter er fleire prosjekt skjøve ut i tid.

Kostnader i handlingsprogram 2025 – 2028 for ID6 E136 Lerstadtoppen - Campus

Statens vegvesen som byggherre må påpeike tre forhold som gjer at det likevel må påløpe kostnadar på ID6 E136 Lerstadtoppen – Campus i inneverande handlingsprogramperiode.

1. Det er bokførte kostnadar på om lag 27mill. 2025-kr på prosjektet, dette er i all hovudsak prosjektering og grunnerverv som har pågått for fullt fram til vi bremsa prosjektet i fjor sommar.
2. ProsjektID6 E136 Lerstadtoppen Campus grensar til Prosjekt-ID5 E136 Breivika - Lerstad i øst, og var planlagt med ferdigstilling i 2027 saman med ID5 E136 Breivika Lerstad. Det var derfor ikkje lagt opp til ei prosjektavslutning for ID5 E136 Breivika Lerstad i grensesnittet med ID6 E136 Lerstadtoppen – Campus Ålesund. Det var planlagt med direkte overgang mellom dei to prosjekta i byggefasen.
3. I sak 3, møte 4/2023 vedtok styringsgruppa at det skulle planleggast for gang- og sykkelveg på strekninga Lerstadtoppen – Campus. Ein parsell av strekninga manglar reguleringsplan, og det medfører kostnadar til utarbeiding av ny reguleringsplan.

**Vurdering**

I styringsgruppemøte i januar 2025 vart det vedteke å flytte oppstart av prosjektet til etter 2028. Vi har likevel eit finansieringsbehov i handlingsprogramperioden 2025 – 2028 på 97 mill. 2025-kr, fordelt slik tabellen under viser.

Statlege prosjekt er avhengige av tildeling gjennom statsbudsjettet før prosjektet kan startast opp. Vidare arbeid med ID6 E136 Lerstadtoppen – Campus er dermed avhengig av formell tildeling før prosjektet kan halde fram.

| | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
|---|---|---|---|---|---|
| Påløpte kostnader, prosjektering og grunnerverv | 27 | | | | |
| Bygging og planlegging, påkobling firefeltsveg frå ID5 E136 Breivika - Lerstad | | 30 | 30 | | |
| Reguleringsplan sykkelveg, jamfør sak 3, møte 4/2023 | | 2,5 | 2,5 | 2,5 | 2,5 |

<u>Påløpte prosjekterings- og grunnervervskostnadar</u>

Det er bokført om lag 27 mill.kr på prosjektet, dette er i all hovudsak prosjektering og grunnerverv som har pågått for fullt fram til vi bremsa prosjektet i fjor sommar. Statens vegvesen har prosjektert og planlagt for å sikre rettidig oppstart av prosjektet, slik prosjektet tidlegare var prioritert i handlingsprogrammet.

Statens vegvesen har til no valt å føre påløpte kostnadar som meirforbruk av statlege midlar. Når prosjekta er utsett til etter inneverande handlingsprogramperiode ser vi det nødvendig å be om finansiering frå bypakke Ålesund til allereie påløpte kostnadar.

<u>Bygging og planlegging for påkopling firefeltsveg frå ID5 E136 Breivika - Lerstad</u>

Det kjem kostnader på ID6 E136 Lerstadtoppen Campus allereie no, då 4-feltsvegen på naboprosjektet må tilpassast dagens 3-feltveg. Det er planlagt bygd veg i ca. 400 m - frå slutten av E136 Breivika-Lerstad prosjektet inklusive innsnevring til dagens veg. Sjå illustrasjon under.



Vidareføring av overvassløysingar er også arbeid som må takast no. Nødvendig aktivitet i 2025/2026 er lagd inn i årets prognose og budsjett 2026. Støytiltak på denne strekningen må også utførast, det blir ein ny støyskjerm langs vegen og en del bustadar har krav på fasadetiltak mm.

Det er trafikksikkerheit som er årsaka til at vi må bygge hele 400 m vestover, som følge av risiko for tilbakeblokkering og kø inn i Lerstadtunnelen. Påkjøringsfila vestover frå det nye Lerstadkrysset må vere avslutta i god tid før det blir innsnevring til eitt felt. Innsnevringa har ei lengd på om lag 200 meter.

Vi har anslått kostnadane for tilkoplinga å vere 60 mill. 2025-kroner, fordelt med 30 mill. kroner i 2025 og 30 mill. kroner i 2026.

Det meste av denne kostnaden vil vere investering for framtidig prosjekt, men på sjølve innsnevringa frå fire- til trefelt over 200 m lengde blir det ein del rekkverk, asfalt, skilting og belysning mm som må gjerast om på når vegen vil bli utvida til firefelt i framtida.

<u>Reguleringsplan sykkelveg, jamfør sak 3, møte 4/2023</u>

Det er behov for ny reguleringsplan på delar av strekninga, den eldste planen på strekningen var frå 1967 og vart sletta i 2024 av kommunen. Sjå illustrasjon under (område utan farge til høgre i biletet).

Det er området mellom områdeplanen for Campus som strekker seg østover til Gåseidvika og reguleringsplanen for E136 Breivika-Lerstad der det er behov for ny regulering av E136. Da kan også sykkeltrase bli lagt inn slik kommuneplanen viser.




Det som blir bygd på strekninga vest for gjeldande reguleringsplan for E136 Breivika-Lerstad vil bli byggesøkt, sidan reguleringsplan manglar.

**Forslag til vedtak**

Styringsgruppa vedtek at ID6 E136 Lerstadtoppen-Campus kan bli belasta med 97 mill. 2025-kroner i handlingsprogramperioden 2025 – 2028.

1. Påløpte prosjekterings- og grunnervervskostnadar, 27 mill. kroner, blir innarbeidd i handlingsprogram 2025 – 2028.
2. Bygging og planlegging for påkobling av firefeltsveg frå ID5 Breivika Lerstad med ein kostnad på 60 mill. kroner, blir innarbeidd i handlingsprogrammet med 30 mill. kroner i 2025 og 30 mill. kroner i 2026.

3. Styringsgruppa vedtek at reguleringsplanarbeidet Lerstad til Gåseidvika (jamfør illustrasjon i saka) kan starte opp, og at kostnaden på 10 milll. 2025-kroner blir innarbeidd i handlingsprogrammet med 2,5 mill. kroner kvart år i handlingsprogramperioden.

21 februar 2025

Statens vegvesen Utbygging midt

| | |
|---|---|
| Ove Nesje | Ole Kristian Birkeland |
| Prosjekteier | Prosjektleder |

## Sak 13/2025 – Budsjett 2025 og handlingsprogram 2025-2028 for Bypakke Ålesund

Bakgrunn:

Sekretariatet legg i denne saka fram budsjettet for 2025 og handlingsprogrammet for 2025-2028.

Budsjett og handlingsprogram tek utgangspunkt i handlingsprogram for 2023-2026, og er sett saman etter innspel frå partane i bypakkesamarbeidet.

Vurdering:

Rulleringa av handlingsprogrammet slik det er lagt fram syner partane sitt budsjett og prognoser for aktiviteten i perioden med bakgrunn i sak 2/2025 Oppfølging internrevisjon av prosjektporteføljen i Bypakke Ålesund, og er tilpassa venta finansieringsnivå.

Som finansieringsanalysa i sak 2/2025 viste, så er ikkje prosjektporteføljen i bypakke Ålesund finansiert med dagens føresetnader. Det manglar om lag 400 mill. kroner på å finansiere den opphavelege prosjektporteføljen med dei opphavelege kostnadsanslaga. Då er det ikkje tatt omsyn til nye kostnadsanslag med auka kostnader for prosjekta. Om ikkje inntektene i pakken blir auka, så vil det bli nødvendig å prioritere ut prosjekt eller skalere ned prosjekt i pakken. Inneverande handlingsprogram er finansiert, men porteføljen som er utsett til etter 2028 er ikkje fullt ut finansiert. Dette må vurderast på nytt i samband med neste rullering av handlingsprogrammet.

Det er stor aktivitet på ID5 E136 Breivika – Lerstad, og usikkerheita for kostnadane i prosjektet vil vere betydeleg redusert i løpet av det næraste året. Denne usikkerheita må vere kjent før vi kan starte nye prosjekt i bypakken.

Ved å utsette ID4 og ID6 til etter 2028 vart det mogleg å legge inn ID1 Brosundbro i handlingsprogramperioden. Sjølv om prosjekta er utsett, så vil det likevel bety at det er nødvendig med bruk av midlar til planlegging/prosjektering. Det vil dermed kome på kostnadar i prosjekta, sjølv om dei er utsett. Dette gjeld både ID4 E136 Kollektivknutepunkt Campus og ID6 E136 Lerstadtoppen – Campus. For ID6 E136 Lerstadtoppen – Campus vil det i tillegg kome byggekostnadar knytt til å kople på av den nye vegen i ID1 Breivika – Lerstad til eksisterande vegnett. Desse prosjekta var forutsett bygd samtidig, og når økonomi og framdrift i bypakken ikkje er som planlagt blir det nødvendig med ei delgjennomføring av prosjekt.

I 2025 må det leggast fram ei eiga sak som går gjennom og eventuelt omprioriterer mellom ID7 Sekkepost og ID11 Planlegging og prosjektering. Etter internrevisjonen, som ga nye kostnadsanslag for prosjekta, ser vi at finansieringa for ID7 ikkje dekker planlagde tiltak. Partane har måtte redusere sine prognoser i inneverande handlingsprogram på grunn av dette. I tillegg er det ikkje tilstrekkeleg midlar til finansiering av planlegging og prosjektering på ID11. Det er derfor behov for å omprioritere midlar i bypakken for å sikre tilstrekkeleg finansiering av ID11 Planlegging og prosjektering. ID11 skal også dekke kommunikasjonsarbeidet i bypakken, og per no er det ikkje finansiering til dette arbeidet ut bypakkeperioden.

Forslag til vedtak:

Styringsgruppa vedtek budsjettet og handlingsprogrammet 2025-2028 for Bypakke Ålesund slik det går fram av dokumenta *Bypakke Ålesund – Budsjett 2025* og *Bypakke Ålesund – Handlingsprogram 2025-2028*.

Styringsgruppa ber om at det i 2025 blir lagt fram ei sak som går gjennom ID7 Sekkepost og ID11 Planlegging og prosjektering.

# Bypakke Ålesund

Budsjett 2025

# Om budsjettet

Budsjettet for 2025 viser den planlagte aktiviteten i Bypakke Ålesund. I budsjettet ligg tildelte midlar til det enkelte prosjekt inne. Tildelte midlar avvik for nokre prosjekt frå det som er planlagt framdrift og produksjon i år, så det er også satt opp ei prognose for forbruk. Spesielt stort utslag er det for E136 Breivika-Lerstad der ein har eit budsjett for året på 684 mill. kroner, men der prognosen for forbruk er 500 mill. kroner. Budsjettet for 2025 er totalt på 1.172 mill. kroner, medan prognosen er på 833 mill. kroner.

Aktiviteten i bypakka vert finansiert av bompengar, statlege, fylkeskommunale og kommunale midlar, samt refundert momskompensasjon frå staten. I 2025 vert det lagt opp til å trekke opp 601 mill. kroner i bompengar, av ei total omsetning på 833 mill. kroner. Dei statlege prosjekta vil omsette for 555 mill. kroner. 115 mill. kroner av denne omsetninga blir finansiert av eigne midlar og 440 mill. kroner av bompengar. Kommunen vil omsette for 136 mill. kroner som blir finansiert med 91 mill. kroner i eigne midlar og 45 mill. kroner i bompengar. Fylkeskommunen vil omsette for om lag 142 mill. kroner, kor av 26 mill. kroner blir finansiert av eigne midlar og 116 mill. kroner er finansiert av bompengar.

# Budsjett for 2025

I 2025 vert det stor aktivitet i bypakken på prosjekt om allereie er starta opp, og klargjering for oppstart av Brosundbro i 2026. Det vil også gå føre seg planlegging, prosjektering og klargjering av prosjekt for oppstart.

**ID1 E136 Brosundbro, Waterfront**: Statens vegvesen er i gang med nye anslag og søknad om styringsramme. Førebuande arbeid knytt til anskaffing  av hovudentreprise for neste etappe er i gang, med målsetting om utlysing november 2025 - og kontraktsignering i 2026

**ID2 Kollektivknutepunkt i sentrum** er ferdig og vart tatt i bruk av FRAM 23.12.24. Det står att noko arbeid før prosjektet blir avslutta, blant anna opparbeiding av parkeringsareal for HC, bestilt i styringsgruppemøte 13.12.2024 og sluttoppgjer med entreprenør.

**ID3 E136 Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus** må vente til arbeidet med parkeringshus og ny hovudinngang ved Ålesund sjukehus er ferdig.

**ID4 E136 Kollektivknutepunkt Campus** vil ikkje ha byggeaktivitet i 2025.

**ID5 Breivika Lerstad** vil ha tunneldriving i heile 2025, og det vil vere stor aktivitet med bygging av nytt Lerstadkryss og firefeltveg vestover. Massedeponi for tunnelstein i Kipervika har fått byggjeløyve frå kommunen og løyve til utfylling. Planlagd oppstart av utfylling er februar 2025.

**ID6 E136 Lerstadtoppen - Campus**: Det blir no bygd veg i ca. 400 meter frå  slutten av E136 Breivika-Lerstad prosjektet til innsnevring til dagens veg. Vidareføring av overvassløysingar er også arbeid som må takast no.

**ID8 Fv.60 Blindheim Flisnes** er inndelt i fasar (3) for å minimere konsekvensar på trafikk og tredjepart. I våren 2025 skal fase 1 ferdigstilles. I fase 2 skal trafikken blir lagt om frå fylkesvegen og inn på nybygd kommunal gate, medan fylkesvegen blir oppgradert. Prosjektet er det planlagt ferdig seinsommar 2026.

**ID10 Bomstasjonar** Det vil bli gjennomført diverse mindre vedlikehald av eksisterande bomstasjonar.

Tabellen nedanfor viser budsjettet for Bypakke Ålesund i 2025.

BYPAKKE ÅLESUND

Handlingsprogram 2025-2028

| | | | 2025-kroner | | | Budsjett 2025 | | | Prognose 2025 | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Prosjekt | Finans. | Egen-finans. | Bom | Gjeldande styrings-ramme | Egen-finans. | Bom | Sum | Egen-finans. | Bom | Sum |
| | Stat | S | 841,8 | 3 381,7 | 4 223,5 | 47,1 | 790,5 | 837,6 | 115,0 | 440,1 | 555,1 |
| | Fylkeskommune | F | 115,4 | 495,4 | 610,8 | 37,0 | 171,2 | 208,2 | 25,5 | 116,2 | 141,7 |
| | Kommune | K | 247,1 | 178,3 | 425,4 | 64,7 | 62,2 | 126,9 | 91,4 | 44,9 | 136,3 |
| | Sum | SFK | 1 204,3 | 4 055,4 | 5 259,7 | 148,8 | 1 023,9 | 1 172,6 | 231,9 | 601,2 | 833,1 |
| *1* | E136 Brosundbro, Waterfront/Posthuskrysset | S | 0,0 | 411,3 | 411,3 | 1,6 | 136,9 | 138,5 | 1,6 | 13,4 | 15,0 |
| | - Fylkeskommune | F | 0,0 | 65,2 | 65,2 | 3,0 | 15,4 | 18,4 | 0,5 | 2,5 | 3,0 |
| | - Kommune | K | 25,2 | 18,2 | 43,4 | -0,7 | 6,9 | 6,2 | 1,7 | 0,3 | 2,0 |
| *2* | Kollektivknutepunkt i sentrum - Keiser Wilhelmsgt. | FK | 25,2 | 83,4 | 108,6 | 2,3 | 22,3 | 24,6 | 2,2 | 2,8 | 5,0 |
| *3* | Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus | S | 13,8 | 85,8 | 99,6 | 1,4 | 2,5 | 3,9 | 2,9 | 2,5 | 5,4 |
| | - Stat | S | 46,6 | 214,1 | 260,7 | -16,5 | 55,0 | 38,5 | -12,0 | 14,0 | 2,0 |
| | - Fylkeskommune | F | 14,4 | 53,5 | 67,9 | 1,4 | 3,9 | 5,3 | 0,0 | 0,0 | 0,0 |
| | - Kommune | K | 15,8 | 11,4 | 27,2 | -0,9 | 0,0 | -0,9 | 0,0 | 0,0 | 0,0 |
| *4* | Kollektivknutepunkt ved Campus | SFK | 76,7 | 279,0 | 355,7 | -16,0 | 58,9 | 42,8 | -12,0 | 14,0 | 2,0 |
| *5* | E136 Breivika-Lerstad | S | 604,2 | 2 123,4 | 2 727,6 | 87,9 | 596,0 | 683,9 | 90,0 | 410,0 | 500,0 |
